

Kinn Venstre sitt program for 2023-2027

Ein moderne kommune der unge vil bu

Vår lokale politikk gjennom 5 prinsipp og 15 mål og tiltak.

Innleiing

Kinn Venstre skal ha ein profil som er lett å kjenne att, og som det er lett å ha forventningar til.

Kinn Venstre har vedteke 5 grunnleggande prinsipp som skal gjelde for alle saker og problemstillingar som vi møter. I tillegg har Kinn Venstre 15 mål og tiltak som peikar på kva vi meiner er viktig og korleis vi vil at lokalsamfunna skal utvikle seg inn i framtida. Greier vi å skape ein moderne kommune som unge vil bu i, då meiner vi at vi har lukkast. Difor er dette vårt hovudmål. All politikktutvikling skal skje med utgangspunkt i desse prinsippa, måla og tiltaka – i møte med det som til ei kvar tid er vår kommune sine moglegheiter og utfordringar. Saman utgjør dette vårt politiske grunnlag, vårt program.

Venstre sin ideologi og Kinn Venstre sine 5 prinsipp

Vi har 5 prinsipp for arbeid med kommunale saker og problemstillingar.

Utover dette er vi opptatt av at enkeltmenneska skal få leve gode liv slik dei sjølv vil, utan at det offentlege blandar seg for mykje inn når det ikkje er nødvendig. Kommunen og det offentlege skal like fullt sørge for at viktige offentlege omsyn blir ivaretatt, og at dei som fell utanfor og som på anna vis er avhengig av hjelp frå det offentlege får rettidig og god hjelp. I møtet med kommunen er lik handsaming og rettvisе viktig. Vi har tru på framtida, og vi

er opptatt av framtida. Vi skal tenke og handle berekraftig i alt vi gjer. Dette er kjernen i Venstre sin ideologi, sosialliberalismen.

I) Kommunen er til for innbyggjarane

Omsynet til dei som bur i kommunen skal alltid kome først, og Kinn kommune skal møte innbyggjarane på ein forståeleg, enkel, ubyråkratisk og respektfull måte. Openheit i forvaltninga er grunnleggande viktig.

II) Det lovpålagte og det viktigaste skal kome først

Kinn Venstre vil først og fremst prioritere høg fagleg kvalitet og standard på dei lovpålagte primærtenestene, som til dømes helse, omsorg og oppvekst.

III) Dei folkevalde skal ta ansvar og styre kommunen

Det er viktig med god rolleforståing mellom administrativ og politisk leiing. Politisk leiing skal vere offensiv og effektiv, og legge til rette for at politikarrolla blir meir enn berre sandpåstrøing. Politikarane skal utøve best mogleg skjønn basert på høge faglege og etiske standardar og ta sjølvstendig ansvar for eigne avgjersler. Slik vert det og lettare for veljarane å vurdere om dei er nøgd med politikarane eller ikkje. I Kinn sin situasjon er det særleg viktig med handlekraftige politikarar som kan samarbeide både internt og eksternt.

IV) Kommunen skal ha ei forsvarleg økonomistyring

Kommunen ha ei forsvarleg økonomistyring både på kort og lengre sikt. Budsjetbalanse og overskot er eit verkemiddel for å nå dei faktiske måla vi er opptekne av for å utvikle ein moderne, raus og velfungerande kommune inn i framtida. God økonomistyring vil gje betre fordeling av både goder og byrder.

V) Berekraftig utvikling og omsyn til natur, klima og miljø skal i størst mogleg grad ligge til grunn for det kommunen gjer

Kinn kommune skal vekse inn i framtida. Kinn kommune har store fortrinn i viktige naturområde nær der folk bur. Desse må takast vare på, samstundes som ein utviklar nye område til industri, næring og bustadbygging for å sikre og utvikle arbeidsplassar og bustadområde. Vi ser klima- og miljø som eit godt høve til vekst. Næringslivet i kommunen må ta ei leiande rolle i grøn omstilling. I planarbeidet er det kommunen sitt ansvar å sørge for at motsetningane mellom ulike omsyn blir redusert. Den kommunale organisasjonen skal i alle ledd vere eit godt miljøføredøme for andre organisasjonar, verksemder og privatpersonar og ta vare på både klima, miljøet og naturen omkring oss.

Hovudmål: Ein moderne kommune som unge vil flytte til

Kinn kommune skal vere ein god stad å leve for alle som bur her.

Kinn Venstre sitt hovudmål er at Kinn skal vere ein moderne kommune som unge vil flytte til. Moderne betyr at vi på alle måtar skal ta inn over oss ny kunnskap og ny teknologi i alle ledd i kommunen sin tenesteproduksjon og i alle delar av kommunen. Vi må drive kommunen på berekraftig vis og utnytte moglegheitsrommet som ligg i å vere ein skapande kommune.

I dag er det eit problem at vår region ikkje er attraktiv nok for unge menneske. Dette vil vi snu gjennom målretta arbeid for å skape trygge, gode lokalsamfunn der unge vil etablere seg for framtida.

15 mål og tiltak

For å nå hovudmålet vårt for Kinn kommune har vi vedteke 15 mål og tiltak som i stor grad går inn i kvarandre, og må sjåast i samanheng med kvarandre og prinsippa våre:

1) Tilflytting. Det må bli meir attraktivt å busette seg i alle delar av kommunen – berre slik kan vi få større folketalsvekst og auka inntekter til kommunen

Florø og Måløy skal styrkast som framtidsbyane på kysten og bli tyngdepunkta i vår region. For å lukkast med dette må vi sjå kommunen som ein heilskap, og samarbeide godt med våre naboar.

Det er eit mål å sikre ei positiv folketalsutvikling. Å legge til rette for utvikling av arbeidsplassar og bulyst er viktig, og vil også bidra til ei stabilisering av dagens skulestruktur. Bustadpolitikken i Kinn må i større grad legge til rette for at unge kan kome seg inn på bustadmarknaden, m.a. gjennom etablering av gjennomgangsbustader.

Kinn kommune skal ha eit skatte- og avgiftsnivå som både gjer det attraktivt å bu her, men også å skape arbeidsplassar.

Vi må bli flinkare til å sette kommunen på kartet og fremme våre interesser i vår nye fylkeshovudstad, Bergen, og i Oslo. Kinn Venstre vil vere ein pådrivar for at nasjonale pilotprosjekt kan gjennomførast i vår kommune, og slik bidra til å sette kommunen vår positiv på kartet. Vi vil arbeide aktivt for at statlege og regionale offentlege arbeidsplassar vert etablert i kommunen vår, mellom anna ved at forvaltninga av fiskerihamnene i Vestland fylke skal skje frå Måløy.

2) Det skal vere enkelt å ta klima- og miljøvennlege val i Kinn kommune. Saman skal vi skape grønne og levande lokalsamfunn i heile kommunen

Kinn kommune skal legge stor vekt på omsynet til natur, klima og miljø i alt sitt arbeid, og slik opplevast som ein kommune som skaper grønne og levande lokalsamfunn. Det er viktig å gjere det enkelt for innbyggjarar og næringsliv å ta natur, klima- og miljøvennlege val uavhengig av kor ein bur i kommunen.

Kinn skal vere i front for å vise veg i natur, klima- og miljøarbeidet, og bør mellom anna så langt mogleg vere ein plastfri kommune. Innsatsen mot plast i havet og andre økosystem skal forsterkast, og kommunen skal gjere det enkelt for frivillige å engasjere seg i slike miljøraker. Her er t.d. Fjordane Friluftsråd ein viktig aktør å styrke vidare. Det er og viktig å styrke den natur, klima- og miljøfaglege forståinga og kompetansen i heile den kommunale organisasjonen.

Kinn skal vere i front for å satse på elektrifisering av transportsektoren, mellom anna med fleire ladestasjonar til elbil, tilrettelegging for elsyklar, utviklinga av nye elfly på kortbanenettet og utsleppsfrie hurtigbåtar. Gjennom Klimapartnere og andre forpliktande nettverk skal Kinn bli karbonnøytral, vi skal verne om artsmangfald, og vi skal bidra til å hindre nedbygging av natur.

3) Helse- og omsorgstenestene skal vere verdige, moderne og tilpassa brukarane sine behov

Kinn kommune har mange føresetnader for å vere i landstoppen for kommunale helse- og omsorgstenester.

God omsorg handlar om å leve fulle liv. Det handlar om gode miljø- og trivselstiltak, som t.d. god og næringsrik mat servert på ein appetittvekkande måte. Det handlar om kultur, samhald, likeverd og verdigheit. Kommunen skal difor auke grunnbemanninga i omsorgstenestene, prøve ut nordsjøturnus, auke sjukeheimslegeressursen og sørge for ein aktiv og verdig kvardag for omsorgstrengande i alle aldrar tilpassa deira behov.

Sjukehuseigedomen skal utviklast som arena for omsorg, rehabilitering og helsetenester. Dette sikrar fleire omsorgsbustader og institusjonsplassar, noko kommunen har stort behov for. Omsorgstrengande skal kunne bu heime lengst mogleg om dei ynskjer det. Når dei treng meir omfattande helsehjelp skal ein få dette nærast mogleg heimstaden sin, eldre i Måløy skal til dømes ikkje måtte bu på omsorgssenter i Florø og omvendt.

For å nå alle desse måla er framtidsretta og fornuftig bruk av omsorgsteknologi viktig. Brukarane, dei pårørande og dei tilsette nærast brukarane må involverast meir i utforminga av omsorgstenestene.

4) Barnehagen og skulen skal vere framtidsretta og fleksibel slik at flest mogleg kan møtast best mogleg.

Barnehagen og skulen i Kinn kommune skal i størst mogleg grad møte den enkelte elev sine behov og moglegheiter. Det skal vere ein arena der det er godt både å lære og vere. Auke av pedagogtettleiken (t.d. gjennom mindre grupper) er det viktigaste enkelttiltaket for god trivsel, trygging og læring. Godt vedlikehaldne og tilrettelagte skulebygg med tilstrekkeleg spesialrom, klasserom tilpassa elevgruppene og godt innemiljø er ein føresetnad for god læring.

Om ein skule blir så liten at det ikkje er sosialt eller pedagogisk forsvarleg å oppretthalde den, må den leggjast ned. Kinn kommune må samarbeide med

grendene på korleis ein kan sikre dagens skulestruktur på ein berekraftig måte. Å gjere overgangane mellom skuleslaga så mjuk som mogleg er ei prioritert oppgåve. Førebygging av fråfall i vidaregåande opplæring av avgjerande for å sikre nok hender i arbeid inn i framtida. Grunnskulen skal difor i tråd med moglegheitsrommet i Oppl.l og lokalt næringsliv innarbeide fleire praktiske alternativ og tilbod for elevar som er teorilei. Samarbeid mellom grunnskule, opplæringskontora i vidaregåande og næringsliv må difor styrkast.

Dei vidaregåande skulane i kommunen må ha eit tilbod som er attraktivt for unge og tilpassa behova til næringsliv og offentleg sektor. Kinn skal gjennom samarbeid med næringslivet og med opplæringskontora sørge for at alle ungdommane i kommunen vår får lærlingplass. Kinn kommune må bidra til å styrke samarbeidet mellom skulane og andre relevante aktørar.

Kinn kommune skal arbeide for berekraftige tilbod innan høgare utdanning, og arbeide for at det blir etablert eit folkehøgskuletilbod i kommunen, til dømes retta mot maritime og marine næringar.

Kinn kommune må utarbeide ein strategi for korleis ein kan bli ein meir attraktiv arbeidsplass for lærarar, til dømes gjennom program for fleksibel kompetanseheving i tett samarbeid med UH-sektor og andre aktuelle kompetansemiljø.

5) Kinn kommune skal gje alle barn og unge ein god start på livet

Kinn kommune skal gje ein trygg og kjekk oppvekst til alle barn i kommunen. Ein god barndom har ein med seg heile livet, og gjer det meir truleg at ein kjem til å bu i Kinn kommune seinare i livet. Barnehagane våre skal ha ei bemanning og fysiske forhold som gjer at våre yngste har eit godt tilbod. Ungdommen i begge byane våre skal ha ungdomshus og aktivitetstilbod som er tilpassa det behovet og ønska ungdommen har, slik

at tilbudet treffer ungdomsgruppa best mogleg. Det må gjennomførast ei kartlegging av kva barn og unge saknar av møtestadar i kommunen, slik at ein kan tilby nettopp slike lågterskeltilbod.

Det kommunale tenesteapparatet (m.a. helsestasjon, skulehelsetenesta, rask psykisk helsehjelp til barn og unge, barnevern m.m.) skal rustast slik at dei kan følge opp alle barn og unge i Kinn på ein god måte, og særleg følgje opp utsette grupper. MOT skal ha ei sentral rolle i skulen. Kinn Venstre er positiv til å prøve ut nye måtar å organisere fritidstilbod/SFO-tilbod etter skuletid, dersom dei involverte aktørane ynskjer det.

Kinn kommune skal ha eit tilbod tilsvarande det ein før kjente som «husmorvikar», for å kunne hjelpe familiar som av ulike årsaker treng hjelp i kvardagen i periodar.

Å legge til rette for at det er lett og trygt å ta sunne og helsefremmande val i ulike livsfasar er ei prioritert oppgåve. Slik tilrettelegging er mellom anna trygge skule- og sykkelveggar, fritidstilbod som fremmar aktiv livsstil og meir fysisk aktivitet i skulen.

6) Kinn kommune vil aktivt kjempe mot einsemd

Uavhengig av kvar ein bur i kommunen, diagnose, alder, livssituasjon og funksjonsnedsettingar skal alle oppleve å bli sett, involvert og verdsett – alle skal kunne ta fullverdig del i sitt lokalsamfunn. Kinn kommune skal ruste sine tenester slik at det er nok vaksne som fangar opp barn og unge som har problem, at omsorgstrengande får tid nok med omsorgspersonalet, at dei som treng nokon å snakke med veit om og blir godt mottatt i det kommunale støtteapparatet og at det er lett for frivillige å bidra.

Kommunale bustader bør organiserast slik at ein skapar fellesskap framfor isolasjon. Kulturtilbod og andre tiltak må ta særleg omsyn til å fange opp dei

som har eller kan falle utanfor, og skape samhold og attraktivitet. Kinn er ein kommune med mange innvandrarakar og stadig fleire eldre, som det er viktig å sørge for at får ta fullverdig del i samfunnet på lik linje med alle andre. Å støtte dei som arbeider frivillig også økonomisk og praktisk må prioriterast i kommunen.

7) Kinn kommune skal bli flinkare i møtet med innbyggjarane.

Kinn kommune skal møte innbyggjarar på ein forståeleg, positiv, respektfull og imøtekomande måte. Venstre vil gjennom ei meir moderne dialogform reorganisere måten kommunen møter og involverer innbyggjarane på. Den som søker om tenester eller tiltak kan ikkje alltid få det som ein vil, men ein skal alltid få det ein har krav på. Det er viktig at innbyggjarane på ein lettfatteleg måte får opplyst kva ein har krav på. Både avslag og innvilga søknader skal kome raskt, ha ei forståeleg form og opplyse om eventuelle klageordningar.

Venstre vil ha ein kommune som involverer innbyggjarane meir, i alle ledd av den kommunale sakshandsaminga. Ordninga med møte mellom grendeutvala skal utvidast, slik at innbyggjarane kan påverke store og små saker for sitt nærområde. Det skal vurderast å delegere avgjerdsmynde i enkeltsaker til grendelag. Folkets spørjetime skal innførast i kommunestyret.

Kinn kommune skal alltid søke etter ny teknologi for å gjere innbyggjarane sitt møte med kommunen så enkelt og tilgjengeleg som mogleg. Det inneber at digitale flater skal vere opne og tilgjengelege også for innvandrarakar og eldre med mindre digital erfaring. Hjelp og opplæring på alle digitale flater skal vere rask og kortreist. Kommunen skal møte alle tilflyttarakar og alle innbyggjarar med opne armar og opne dører.

8) Aktiv livsstil, idrett og friluftsliv skal vere eit satsingsområde i Kinn

Kinn er kommunen frå hav til bre, frå øy til fjord. Vi har grender vi må halde liv i, og med to sjarmerande og offensive småbyar som hjarte. Kommunen må gjere desse kvalitetane meir tilgjengelege og profilerte, og utvikle seg som turistmål. Kinn kommune skal vere ein kommune der innbyggjarar og besøkande brukar naturen på ein helsefremmande og berekraftig måte. Vi skal vidareutvikle dei grønne sentrumsnære lungene for alle, legge til rette for merking og opprusting av turstiar i heile kommunen og fremme informasjon om kva moglegheiter som ligg for aktivt friluftsliv i kommunen. Vi meiner det ligg eit næringspotensiale i dette som ikkje er forløyst i dag.

Idretten gjer ein formidabel innsats for folkehelsa og for å profilere kommunen vår på ein positiv måte. Kommunen må legge til rette for at idretten kan løfte både topp og breidde. Kinn må ha ein meir langsiktig plan for investering i eksisterande og nye idrettsanlegg, og for driftstilskot til lag og organisasjonar som speglar verdien av den store dugnadsinnsatsen som vert lagt ned. Dei to planlagde prosjekta storhallen i Florø og Nordfjordbadet i Måløy er begge viktige for å bygge attraktivitet i byane våre. Kommunen bør vurdere å la fylkeskommunen overta Nordfjordhallen, slik dei har gjort med Florø idrettssenter.

9) Kommunikasjon og samferdsle på kysten må få eit solid løft

Å kome seg raskt og trygt fram er avgjerande viktig for attraktiviteten til Kinn kommune som bustad- og arbeidskommune og for å fremme næringsutvikling og verdiskaping. Kinn kommune skal ha ein langsiktig og forpliktande plan for opprusting av det kommunale vegnettet, og for vedlikehald og oppgradering av kaiene i kommunen. Det er viktig at

hamnene i kommunen er attraktive for både næringsliv og turistar, og at meir av godstrafikken går sjøvegen.

Båtrutetilbodet mellom Florø og Måløy må utvidast og moderniserast slik at det blir enklare å pendle mellom kommunesentera i Kinn. Det er viktig å ha båtruter i Florabassenget som er tilpassa behovet. Båtrutene i Florabassenget må òg utvidast til å knyte saman Flora med Askvoll, Bremanger og Vågsøy i påvente av ein ytre kystveg.

Kinn kommune må arbeide for å få meir midlar til rassikring, særleg av riksveg 5.

Det må startast eit arbeid med tilrettelegging for å utvide flyplassen i Florø, og om mogleg må dette gjerast på ein måte som både frigjer tomteland til by- og næringsutvikling, og som knyter nærliggjande øyer til Florø. Flyplassen er viktig for å knyte vår region saman med særleg Oslo og Bergen, og Venstre vil arbeide for at flyplassen får stadig nye destinasjonar.

45-minuttsregionen må realiserast som det viktigaste enkelttiltaket for vekst på kysten. Å få til eit samband over Terøya og knyte Årebrotet til Florø er ei prioritert oppgåve også med næringsutvikling som mål. Å ha full DAB, mobil- og breibanddekning i heile kommunen, inkludert langs skipsleia langs kysten mellom Florø og Måløy, må realiserast raskt. Den delen av vegen mellom Måløy og Raudeberg (Fv617) som ikkje er utbetra må snarast utbetrast, det same gjeld Fv621.

Det må etablerast ein bybuss i Vågsøy som særleg knyter Raudeberg, Holvik/Vågsvåg, Måløy og Deknepollen saman slik at det er mogleg å nytte kollektivtrafikk mellom heim og barnhage/skule/arbeid innafor det offentlege sine opningstider. Ein av bybussane i Florø bør gå motsett veg av i dag, for å gjere dette tilbodet meir attraktivt.

Kinn Venstre vil arbeide for at det skal bli rimelegare å ta kollektivtransport i kommunen. Kollektivtransport i Kinn skal henge saman og vere mest mogleg saumlaus, dette er særleg viktig for båtruter opp mot flyplassen. Busstilbodet aust i Flora-delen av Kinn kommune må betrast. Det er stor pendling mellom Florø og Førde og Måløy og Nordfjordeid, og det stiller krav om gode kollektivtilbod og rastryggleik.

Kinn Venstre vil arbeide for at Stad skipstunnel raskt blir realisert.

10) Kinn skal ha eit mangfaldig kulturtilbod heile året – og kultur skal vere sentralt i byutviklinga

Kinn kommune har mange kulturarenaer som må styrkast. Kulturskulen må ha føreseielege rammer, og vere for alle uavhengig av personleg økonomi. Alle alders- og brukargrupper skal oppleve å kunne ta del i eit rikt kulturliv i Kinn.

Det skal mellom anna bli rimelegare å gå på kino. Biblioteka skal utviklast som viktige møtestadar for innbyggjarane. Når byane Florø og Måløy skal utvikle seg inn i framtida er det viktig at ein skaper og vidareutviklar arenaer for kultur som ein integrert del av byutviklinga. Begge byane våre har mykje å lære av liknande byar som aktivt har satsa på å skape scener og andre rom for kultur i offentleg og privat regi, her treng ein ikkje sjå lengre enn til Eid og Førde. Kinn kommune skal aktivt arbeide for å fremme kulturbasert næring for å slik gjere det attraktivt å leve i kommunen, anten ein er på besøk eller bur her fast.

Florø og Måløy skal utvikle seg som moderne norske småbyar. Det er viktig å legge til rette for eit pulserande liv i heile sentrum, der det er triveleg og attraktivt å vere. Det skal vere gratis wifi i sentrum av byane, bygder og naturlege møteplassar i kommunen. Sentrumskjernen av Florø og Måløy skal vidareutvikle byen sitt særpreg på ein moderne måte.

Kulturhuset i Florø skal moderniserast og reindyrkast som kultur- og konferansehus, og kulturskulen si avdeling i Florø skal mellom anna flyttast dit. Venstre ser samarbeid med hotella om utviklinga av kulturhuset i Florø som konferansearena som naturleg, og det same gjeld hotellprosjektet i Måløy sentrum.

Kinn kommune skal ta eit større ansvar for å halde ved like eigne bygg og eigedomar og slik vere eit godt føredøme for private eigarar. Ingen bygg skal stå til forfalls. Parkar og grøntareal er viktige for trivselen til innbyggjarar, og det må difor også satsast på gartnarfagleg kompetanse. Markegata i Florø bør delvis leggest under bakken, slik at ein kan skape ein større bypark i Florø.

Den gamle prestegården i Florø bør bli ein arena for kultur og kunst. Kultur- og aktivitetstilbod bør planleggast slik at også dei som bur utanfor sentrum, til dømes på øyane, kan ta del i desse.

Kyrkjebygga våre er viktige kulturminne og forsamlingsstadar som må vedlikehaldast og sikrast betre enn i dag.

11) Kinn kommune skal vere best i landet på koordinerte helsetenester

Alle innbyggjarar i Kinn kommune skal møte eit koordinert helsevesen som tar vare på pasientar som er sjuke eller som står i fare for å trenge helsehjelp, og som gjennom førebyggjande arbeid kan hindre at folk treng meir omfattande helsehjelp seinare i livet.

Sunnfjord Medisinske Senter må utviklast vidare som fyrtårn i Helse-Noreg. Kinn kommune vil samarbeide tett med både sentralsjukehuset i Førde og Nordfjord sjukehus for å sikre innbyggjarane gode og nære helsetenester. Dagens ordningar for legevakt og jordmorvakt må styrkast. Rus- og

psykiatri må førebyggast betre og tiltakstenesta må settast i stand til å hjelpe dei som har problem. Kommunepsykologordninga må styrkast for å saman med skulehelsetenesta og fastlegane kunne fange opp barn og unge som slit psykisk på eit tidleg stadium. Førebyggande plan for psykisk helse barn og unge må ligge til grunn for dette arbeidet.

Kinn kommune må arbeide målretta med rekruttering av helsearbeidarar, og gjere det meir attraktivt for dei som vil arbeide i denne viktige sektoren.

12) Kommunen skal spele bedriftene våre gode og bidra til eit offensivt, framtidsretta og mangfaldig næringsliv

Kinn kommune skal ha eit mangfaldig næringsliv som opplever ein kommune som spelar på lag for å sikre arbeidsplassar og utvikling. Den kommunale organisasjonen må bli betre til å handle lokalt gjennom innkjøpsordninga kommunen organiserer. Det er viktig med langsiktige perspektiv for å legge til rette for at våre lokalsamfunn kan gripe moglegheiter og skape verdier når moglegheitene byr seg. Lokalsamfunna våre er òg avhengig av at Kinn kommune evnar å vere i forkant av utviklinga, slik at ein kan ruste seg på best mogleg vis for det som kan kome. Nytenking og tilrettelegging for dei som vil drive næring og industri i kommunen vår er viktig. Kinn skal ha rikeleg med regulert og tilrettelagt næringsareal både for dei som vil eige og dei som vil leige.

Det er ei prioritert oppgåve å få meir aktivitet til kommunen i samband med maritime, marine, petroleums- og energiorienterte næringar. Desse har vi ein strategisk nærleik til som byr på eit større moglegheitsrom enn vi nyttar i dag. Næringslivet må utvikle seg på ein måte som tek i vare Kinn kommune sine naturgitte fortrinn og kvalitetar. Fiskerinæringa må sikrast gode vilkår. Kinn bør bli fremst i landet på berekraftig og innovativ fornybar energi, spesielt hydrogen og offshore vindkraft, slik at vi som lokalsamfunn får fleire

bein å stå på. Stortinget har vedteke at det i lang tid framover skal skje ei stor utvinning av olje- og gass rett utanfor kysten vår. Venstre vil arbeide målretta for at vi kan ta del i denne verdiskapinga, og slik også tileigne oss kompetanse vi kan bruke i møtet med eit næringsliv i grøn omstilling. «Det grøne skiftet» skal gjennomførast på ein måte som sikrar arbeidsplassar og vekst i Kinn kommune.

Kinn kommune må bli eit naturleg utgangspunkt for turistar som vil besøke Fjord-Norge. Kinn kommune vil mellom anna gjennom eigarskapen i SFE aktivt arbeide for at linjenettet og turbinar i eksisterande vasskraftanlegg blir fornya og utbetra.

13) Fleire fornuftige og framtidsretta offentlege arbeidsplassar

Kinn kommune er ein stor arbeidsgjevar og skal ta vare på sine tilsette, slik at flinke folk har lyst til å arbeide i kommunen. Det er viktig at ikkje administrasjonen i kommunen blir for stor, på bekostning av brukarnære tenester. Kinn kommune skal ha delt kommunesenter mellom Florø og Måløy, slik intensjonsavtalen legg til grunn. Det er viktig at ein gjennomfører dette prinsippet på ein måte som skapar stabilitet i organisasjonen over tid, både i Florø og i Måløy.

Rådhusprosjektet i Florø skal gjennomførast på ein måte som fremmar byfornyng og frigjer ressursar gjennom betre samordningseffektar, og gjerne gjennom samarbeid med private aktørar. Nye kommunale bygg skal vere vedlikehaldsvenlege og arealeffektive, både med omsyn til økonomi og miljø.

Å offensivt legge til rette for og ta initiativ til at Kinn kan ta vare på og ta i mot fleire statlege, fylkeskommunale og interkommunale arbeidsplassar skal ha høg prioritet. Det er viktig å løfte fram samspel mellom offentlig og privat sektor. Å kunne ta med seg jobben heim frå storbyane, og busette

seg rundt omkring i Kinn kommune er viktig. Kommunen bør saman med privat næringsliv etablere slike samarbeidshubar for fjernjobbing, også andre stadar i kommunen enn Florø og Måløy. For å få til dette er god digital infrastruktur som mobil- og breibanddekning avgjerande.

14) Kinn kommune skal ha eit godt forhold til alle våre nabokommunar, og er positive til å vurdere å utvide Kinn kommune

Kinn kommune er opptatt av at kysten si stemme må vere sterkast mogleg. Dersom nabokommunar som vil binde kysten saman og løfte viktige kystsaker vil bli med i Kinn er Venstre positive til å vurdere dette. Det er viktig at Kinn posisjonerer seg i nye Vestland fylkeskommune og ovanfor nasjonale styresmakter slik at vi kan realisere det potensialet som Kinn kommune og kysten har i seg. Det er eit problem at kysten over mange år ikkje har klart å samle seg om viktige saker og tale med samla stemme. Dette må Kinn ha som si viktigaste oppgåve. Samstundes er det viktig å ha eit godt samarbeid med fylkeskommunen, våre nabokommunar også austover, og andre kommunar i vår nye region. Det er viktig å sørge for at flest mogleg buset seg i Kinn, også om ein arbeider utanfor kommunen.

15) Kinn skal vere eit samfunn der flest mogleg er i arbeid og der sosiale forskjellar er minst mogleg

Kommunen må saman med næringslivet sørge for at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring, at arbeidsløysa er låg og at alle samfunnsgrupper, også innvandrarar, blir godt integrert i lokalsamfunnet. God integrering avheng av inkludering. Her skal Kinn kommune vise veg, mellom anna med digital hjelp til innvandrarar og eldre, og lærlingplassar for fleirspråklege innan omsorg og oppvekst.

Flest mogleg skal eige eigen bustad, og det skal vere nok bustadar tilpassa behovet til ulike befolkningsgrupper i samfunnet. Fri bruk av kommunale tenester som til dømes Havhesten i Florø, kultur- og treningstilbod for utsette grupper og enkeltpersonar, er ei god tilrettelegging for at fleire blir involvert og aktivisert i samfunnet til alle sitt beste.

Kvar og ein må ta ansvar for eiga helse. Folkehelse er likevel eit kollektivt ansvar. Kommunen må ta dette ansvaret på alvor og såleis legge til rette for at kvar enkelt skal greie å ta vare på seg sjølv og helsa si.